


Finansdepartementet
Postboks 8008 Dep
0030 OSLO

Stord 29.06.2011
Dykkar ref.
Vår ref. 69202/1
Arkivnr.
Saksbehandler Odd Terje Waldal
Sider 1



Uttale til høyringsnotat om eigedomsskatt for kraftverk

Vi viser til høyringsnotat datert 15. april 2011 om maksimums- og minimumsreglane i eigedomsskatten for kraftverk.

Sunnhordland Kraftlag er innforstått med at storsamfunnet og vertskommunane skal ha ein fornuftig del av verdiskapinga når kraftselskapa utnyttar naturressursar til vasskraftutbygging. I dag er skattetrykket på dette området høgt, og framtidig skattlegging må sjåast opp mot eigarane si avkastning av tidlegare investeringar og evne til eigenfinansiering av nye investeringar.

Sunnhordland Kraftlag støttar Finansdepartementet sitt syn på dei sentrale punkt i høyringsnotatet, og vil kome med følgjande presiseringar til saka:

- I ei tid der det elles vert lagt opp til og forventast realisert store investeringar i ny fornybar energi for å møte nasjonale klimaforpliktingar, må ein sikre stabile rammevilkår og ikkje auke eit allereie høgt skattetrykk for vasskraftanlegg. Evnen til eigenfinansiering av slike investeringar må ikkje svekkast.
- Ordninga med ein korridor, eit minimums- og eit maksimumsnivå for skattegrunnlaget, må vidareførast. Grensenivåa må vere stabile og forutsigbare, og eventuelle justeringar av desse må ivareta omsynet til investeringsevne og skattenivå for det enkelte kraftverk.
- Dei endringar som i 2000 – 2004 vart gjort for å auke formuesverdi / skatteproveny, må reverserast. Dette gjeld særleg risikotillegget i diskonteringsrenta, dette må aukast til 5-6%, og minste attståande levetid. Det at dei fleste kraftverka i dag ligg på maksimumsgrensa, gir ikkje eit reelt bilete av situasjonen, og må sjåast opp mot dei endringar som vart gjort. Når dagens regelverk utan maksimumsgrense ville gitt takstar på 7 kr/kWh og heilt opp til 10 kr/kWh, som er to til tre gongar høgare enn reell omsetningsverdi, ser ein at dagens regelverk gir altfor høge verdiar/takstar. Dette er eit klart bevis på at reversering til meir korrekte nivå må gjennomførast.
- Ved utrekning av skattegrunnlaget finn ein verdien av kraftverket representert ved kontantstraumen over levetida. Då må det nyttast lengre og meir stabile risikofrie renter enn det dagens regelverk tilseier.

Med helsing,
Sunnhordland Kraftlag AS

Magne Heimvik
konsejnsjef